# vêret

**I morgon**
Skya men for det meste opphald.

**Torsdag**
Skya med snø.







© SMHI Grafikk/Bulls
SMHI

**Solen**

| | I dag | I morgon |
|---|---|---|
| Opp | 08.04 | 08.01 |
| Ned | 17.43 | 17.46 |

Dagen er **4** tim. og **20** min. lengere enn ved vintersolverv.

**Månen**

| | I dag | I morgon |
|---|---|---|
| Opp | --:-- | 01.21 |
| Ned | 08.10 | 08.23 |

Tidene for sol/måne og flo/fjære gjeld for Florø

**Varsel for oljeinstallasjoner i dag**

| Statfjord | Frigg | Sleipner |
|---|---|---|
| +2 | +2 | +3 |
| 12-15 m/s | 12-15 m/s | 8-12 m/s |

**Flo**

| I dag | I morgon |
|---|---|
| 01:27 | 02:13 |
| 13:44 | 14:33 |

**Fjære**

| I dag | I morgon |
|---|---|
| 07:12 | 07:55 |
| 19:46 | 20:31 |

Data fra Statens kartverk Sjø. Tnr 617

**Firdaposten**
**KVELDS-/HELGEVAKT**
**Tlf. 911 77 331**


Arve Solbakken

*godt sagt*

**«Matematikk er vitenskapen der man ikke vet hva man snakker om, enn si om det man sier er sant.»**
Bertrand Russel




**TIPSTELEFON**
**57 75 73 03**
**SMS-TIPS – send med kodeord fptips til 2097**

**HAR DU IKKJE FÅTT AVISA?**
**Måndag–fredag:** 57 75 73 00 (kl. 8–15)
**Laurdag:** 57 83 33 99 (kl. 8–11)




# Sjøfartsmuseet vil framleis granske

SØRSTRAND: Bergen sjøfartsmuseum held oppe kravet om at det må gjerast arkeologiske undersøkingar i sjøen utanfor folkeparken

**OLAV HATLEMARK**
olav@firdaposten.no

Kostnadene må i tilfelle Sørstrand Folkepark bere.

Bergen sjøfartsmuseum seier i eit brev til Sigmund Frøyen og folkeparken ifrå om at dei ikkje ser på planane som eit lite, privat tiltak.

Hovudgrunnen til at dei held oppe kravet om marine arkeologiske undersøkingar «er at området inneheld potensial for funn frå steinalderen under vatn». Museet bereknar arbeidet som må gjerast til å ta om lag to dagar. Reisa vil kunne kombinerast med andre feltarbeid i området. Arbeidet kan gjerast i løpet av våren, skriv Arild Marøy Hansen for stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum, som har ansvaret for alle maritime undersøkingar også i vårt distrikt.

Sørstrand Folkepark har laga badestrand for byen og fått inn fleire millionar kroner i gåver og tilskot til ei vidare opparbeiding av det store friluftsområdet ved flyplassen.

Stiftinga har gjeve uttrykk for at dei har problem med å forstå at eit landbasert prosjekt som dette skal vere ein trussel mot eventuelle fornminne i sjøen. Dei har bede om at kostnadene ved undersøking vert haldne nede.



***LANDINGSPLASS**: for kajakkfolket er stranda på Sørstrand også blitt.*

## Har fått dårlegare konkurranseevne

Nye berekningar viser at lønnskostnadene i norsk industri ligg 50 prosent høgare enn hos våre konkurrentar i Europa. - Konkurranseutsette bedrifter slit. Eit så høgt kostnadsnivå er bekymringsfullt og representerer ei betydeleg utfordring for bedriftene, seier Svein Oppegaard, NHOs direktør for arbeidslivspolitikk Teknisk beregningsutvalg (TBU).




## Meir jamn lønsvekst enn tidlegare

Det er mindre variasjon i lønsveksten i 2010 enn i 2009. Samla auka årsløna med 3,75 prosent. Dei fleste grupper fekk ein årslønnsvekst på mellom 3,5 og 4,5 prosent, med unnatak av finanstenester der veksten var 6 prosent. Industriarbeidarane i NHO-bedrifter hadde ein lønsvekst på vel 3,5 prosent, mens industrifunksjonærane hadde ein vekst på om lag 4,5 prosent.

## DER OG DÅ

**Florø måndag den 21. februar**




***GROV HAGESAKS:** Det var solid reiskap som vart nytta til «frisering» av den fine alleen langs innfartsvegen over Evja i i Florø går føremiddag. Ei gravmaskin med påmontert saks er den moderne varianten av den hendige gartnar med stige og sag. Her måtte ein vere fin med spakane, om det ikkje skulle bli rasering i staden for «frisering». Resultatet står fritt til skue for hagekyndige.*
*Foto: Harald J. Stavang*